

Anne Hilde Garnes Reigstad og Arve Reigstad

Mjåtveitvegen 34

5918 Frekhaug

Frekhaug, 17.08.2020

Til Alver kommune

Plan, bygg og eigedom

Søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg veg for gnr. 323 bnr. 618

1. Innleiing.

Det blir søkt om dispensasjon for avstandskrav til offentleg veg på gnr. 323 bnr. 4, i samband med oppføring av nytt tilbygg (vedbod) på eksisterande uthus på gnr. 323 bnr. 618.

Det eksisterande uthuset står utanfor byggelinja, ved grensa mot gnr. 323 bnr. 4. Uthuset har eit areal på 15 m². Det blir søkt om å byggje ei vedbod på 7 m² (takareal 10 m²) langs langsida av uthuset, på oppsida – lengst vekk frå nabogrense til bnr. 4 og offentleg veg. Uthus og vedbod vil til saman vere på 22 m², med eit totalt takareal på 25 m² (5x5 m²) Takhøgde er 3 meter. Tilbygg (vedbod) vil ha ca. 6 meter avstand til offentleg veg, og større avstand enn minstekrav 1 meter til nabogrensene på eigedomane bnr. 443 og bnr. 41. (Ca. 2 meter til begge desse eigedomane)

Det er overlevert nabovarsel til eigarane av alle dei tre berørte naboeigedomane.

2. Dispensasjon

Planlagd tilbygg (vedbod) vert plassert inntil eksisterande uthus, lengst vekk frå offentleg veg. Tilbygget vil ikkje påverke «fri sikt linje» til offentleg veg, då dette blir bygd på oppsida av eksisterande uthus, lengst vekk frå vegen. (Ca. 6 meter frå veg) Høgde på tilbygget vil ikkje overstige dagens høgde på eksisterande uthus. (3 meter) Planlagd tilbygg vil såleis ikkje endre dei trafikale tilhøva på staden, og vil ikkje påføre ulempe for trafikk, verken for gåande eller køyrande. Vi kan altså ikkje sjå at det er ulemper for at eit slikt tilbygg kan setjast opp. Eit slikt tilbygg har store fordelar for oss. Vi kan lagre ved sikkert og tørt, og ikkje berre i vedlad utanfor langs uthusveggen. Nyoppsett einebustad på eigedomene har berre ein bod, som er kombinert med teknisk rom. Vi treng difor den bodplassen som eksisterande uthus og ei ny vedbod vil gi oss. Fordelane ved tilbygget er klart større enn ulempene, for oss og for alle dei berørte eigedomane. Vi vonar såleis på at dispensasjon kan gjevast her.

Med helsing


Anne Hilde Garnes Reigstad og Arve Reigstad